

## Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 16.10.2018

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag til punkt 3:

«Tilleggspunkt 3:

«Utval for opplæring og helse ber om at det arbeidet som skjer i Nordhordland (Læreplassgaranti i Nordhordland) implementerast i planen på tenleg vis.»»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Gadolin sitt tillegg vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Styrkje prosjekt «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» med 1,1 mill. kroner i 2018, 2019 og 2020. Totalt 3,3 mill. kroner. Fleire skular skal involverast i metodikken frå prosjektet, og det skal etablerast lokale nettverk. Styrkinga bør ha særleg merksemd retta mot region Stor-Bergen.
2. Fylkesrådmannen ber om at det vert utarbeidd ein plan for bruken av midlane og at det vert rapportert på bruken kvart år.
3. Utval for opplæring og helse ber om at det arbeidet som skjer i Nordhordland (Læreplassgaranti i Nordhordland) implementerast i planen på tenleg vis